



# BØ TURLAG

## RETNINGSLINER FOR MERKING AV TURSTIAR



Hovudformålet med merking av stiar i skog og fjell er å legge til rette for at turfolk skal føle seg trygge i naturen og kome seg sikkert og trygt fram til målet. Det er dei med minst erfaring som har mest bruk for merking og det er i dårleg ver med regn og skodde at behovet er størst.

Merking kan ikkje erstatte kart og kompass, men er eit godt hjelpemiddel for sikker ferdsel. For mange er merka stiar ein føresetnad for at dei i det heile skal våge seg ut på lengre turar i ukjent terreng.

Det bør ikkje vere eit mål å ha merka stiar i alle deler av kommunen. Enkelte område bør ligge urørt og det bør vere opp til vandraren sjølv å finne vegen og målet.

Bø turlag har hatt stimerking på programmet sidan laget blei stifta i 1976. I 2010 har laget 135 km merka stiar som skal vedlikehaldast.

## Kvifor retningsliner for stimerking?

Bø Turlag vedtok i 2004 felles retningsliner for merking, skilting og rydding for alle turstiar som laget har ansvar for.

Formålet med retningslinene var mellom anna å harmonisere merkinga og slik at den blei einsarta og kunne kjennast att frå turområde til turområde, og med stimerkinga i nabokommunar og resten av landet.



Eit hovudprinsipp er at det ikkje skal vere fleire og større merke enn det som er naudsynleg for at turfolk skal finne fram og kjenne seg trygge i stiane våre. Og ikkje la oss gløyme at god rydding også er ei viktig del av merkinga!

Retningslinene i dette heftet er bygd på turlagets egne erfaringar og på dei anbefalingane som Den norske turistforeninga, Forbundet kysten og Friluftsrådnes landsforbund i fellesskap har kome fram til.

## Merking

Merking skjer med måling på tre, stakar, stein eller vardar. Ein generell regel er at ein bør kunne sjå frå merke til merke, men dette er ikkje alltid nødvendig der stien er tydeleg og ikkje blir kryssa av andre stiar. 50 meter mellom merka vil ofte vere passeleg. Der ein kjem inn på skogsveggar kan avstanden aukast til 75-100 meter.

Tettast merking bør ein ha der stien er utydeleg, går over myr eller andre opne parti. I kryssingar med andre stiar kan ein lett gå feil. Her kan 15-20 meter mellom merka vere passeleg.



I skog er merking på trestammer mest bruka. Merket bør vere lett synleg og ca 1,5 meter over bakken. Ei bjørkestamme gir god kontrast til målinga og eit godt synlig merke. Over myr eller hogstflater bør ein sette opp stakar. På fjellet og i berglendt terreng er bygging av små vardar aktuelt.



Bruk av måling i naturen er eit framandelement og skal ikkje overdrivast. Merkene bør derfor ikkje vere for store. På trestammer vil eit 15 x 5 cm ståande eller liggande klart avgrensa merke vere nok. Flassbark og lav/mose bør alltid skrapast vekk før måling.

### ***Merkeutstyr***

*Måling med rett farge*

*Rund målarkest nr 4 (2,5 cm diameter)*

*Måleskrape og/eller stålbørste*

*White spirit og klut kan det vere lurt å ta med*

## Merkefarge

Blå farge, kode: 1060 – R90B for alle stiar i skog og lågland.

Raud farge, kode: 1080 – Y90R for stiar i fjellet. Røksbu – Jøronnatten.

## Skilting

Formålet med skilting er den same som for merking. Skiltinga skal hjelpe turgåarane til å orientere seg i stinettet og finne fram til målet.

Også skilting er eit framandelement i naturen og bør ikkje overdrivast. Skilting bør først og fremst nyttast:

- ved utgangspunktet for turen (P-plassen),
- der stien tar av frå veg (bil og traktorveg) og
- ved stikryss med andre merka stiar.



## Rydding

Stien skal ikkje bare vere godt merka og skilta, den skal og vere godt rydda!

Ryddinga bør gjerast så godt at ein slepp å koma tilbake dei første 2-3 åra. Ryddebredda kan variere mellom lite og mykje bruka stiar, men som hovudregel bør stien være rydda for kratt og kvist i 1,5 til 2 meters breidde. Hugs på å stubbe lågt slik at vi ikkje lager snublefeller! Hogstavfall og gamle verdilause vindfall må bort.

Pass på at vi ikkje skadar skogen! Til kvisting av friske tre er ei greinsaks eller fintanna greinsag godt eigna. Friske greiner kuttast 1-2 cm frå stamma og utan å skade barken.



### **Gode ryddereiskapar er:**

*Med stor greinsaks kan du både stubbe lågt og kviste høgt opp på ei trestamme.*

*Lita greinsaks til forsiktig kvisting av mindre tre*

*Tursag/greinsag ev. bogesag til kapping av vindfall og liknande.*

*Lauvkniv kan og vere eit godt reiskap å ha med*

## Informasjonstavler

Det er sett opp informasjonstavler med kart og turomtale på dei mest bruka turutgangspunkta. Tavler med kart og turomtale må haldast vedlike og eventuelt skiftast ut etter at sol, ver og vind har påverka treverk, fargar og trykk.

Turlaget har dessutan informasjonstavler knytt til spesielle plassar og forekomster på Folkestadåsane, Bryggefjell, Breisås, Høyssluss-Bruskor og langs kulturstien og folkestien ved Bøelva.



## **Rydding av nye stier**

Stinettet til Bø Turlag omfattar 135 km merka stiar som skal vedlikehaldast i åra som kjem. Stiarbeidet til laget vil i hovudsak bestå i å halde vedlike eksisterande stiar. Det er truleg ikkje særleg aktuelt å rydde og merke nye turområde. Men i nokre tilfelle kan det vere aktuelt å utbetre og kanskje legge om eksisterande stiar for å unngå bratte kneikar, glatte sva, myrar og andre vanskelege strekningar på stien. Hovudpoenget må vere å gjere eksisterande stinett betre og meir tilgjengeleg for gammal og ung.

## **Tilhøve til grunneigar**

Når det gjeld eksisterande stinett kan vi gå ut frå at forholdet til grunneigarane er avklart i og med at stiane er oppretta.

Dersom det er ønskjeleg å legge ut nye stiar eller foreta større omleggingar av etablerte stiar krev dette samtykke frå grunneigar og må gjerast i samråd med desse. Det same gjeld oppsetting av informasjonstavler og liknande.

Uttak av virke til klopper og anna krev sjølvsagt også samtykke frå grunneigar. Vanlegvis vil det vere nok mindreverdige virke å finne og det vil sjeldan vere noko problem å få samtykke til å nytte slikt virke.



**TAKK FOR JOBBEN!**


## VEDLEGG

### Klopper, kavledekke og gangbaner

Joggesko har etter kvart erstatta tyngre støvlar til turbruk. Dette sett krav til at stiane må vere rimeleg tørre. Bygging av klopper over bekkar, legging av kavledekke over blaute hol og gangbruer over myrar er derfor blitt aktuelt. Med slike tiltak unngår ein også unngå unødvendig slitasje på markdekket ved at det oppstår fleire parallelle stiar.

#### Klopp

Ei klopp er ei enkel bru som er lett å lage om det finst eigna stokkar i nærleiken. For å hindre at stokkane reiser i flaumen bør dei festast godt med steinar som på teikninga, eller ved å slå ned pålar på begge sider, eller ved å feste dei med kjetting i eine enden. 2-3 labankar på tvers av bærestokkane gjer kloppa støare å gå på og faren for at ho reiser i flaum blir mindre.




#### Gangbru

Over breie myrar kan det vere aktuelt å legge gangbruer. Dei kan utførast på ulike måtar. Det vanlege, og enklaste, er å legge 2-3 runde stokkar side om side. På teikninga har ein nytta to halvkløyvingar, lagt på underlag, og bunde saman med korte pålar på sidene. Impregnert plank er lettare å arbeide med, ligg støare, og kan anbefalast der transporten lar seg løyse.


Som oftast vil ein kunne finne nok skrapvirke på staden til å bygge klopper, kavledekke og gangbruer. Ein bør i kvart enkelt tilfelle vurdere om det er nødvendig å ta kontakt med grunneigar på førehand. Erfaringa er at grunneigarane er positive til slike tiltak og vil ha nytte av dei sjølve.

Trengst det mykje materialar kan desse kjørast på plass med snøscooter på vinterføre og leggast ut om våren. Bruk av snøscooter krev løyve frå grunneigar. Ein bør dessutan melde frå til kommunen.



#### Vad

Den enklaste måten å leggja til rette for passering av bekkar og mindre elvar er å legge ut "hoppesteinar" som kan tene som vad. Steinane må ligge støtt på botnen og vere gode å sete foten på. Problemet med eit vad er at det ikkje alltid er brukbart når det er flaum i bekken eller elva.



## Kavledekke

Det å legge eit kavledekke over blaute hol i stiar og kjøreveigar er ein gamal og velprøvd metode som vi kan tilrå i turstiane også.

Lengda på kavlane avpassast etter terreng og behov. Har ein ikkje nok eigna virke på staden går det greit å legge 2-3 kavlar tett inntil kvarandre med 0,5 meter mellomrom



## Gjerdestige

Det hender at stien kryssar et gjerde. Nedanfor ser vi tre ulike måtar å løyse dette på:

